

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **8. februar 2021** blei det halde digitalt møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Tollef Rullestad.

MØTESTAD:	Teamsmøte
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.05
MØTANDE MEDLEMER:	Tollef Rullestad (Ap), Nina Vierdal Vee (Sp), Øyvind Kaldheim (Krf) og Kjetil Winterthun (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	1. vara Andreas Grumheden (Ap)
FORFALL:	Ragni Sunniva Fett (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Annbjørg Ryssdal - Deloitte
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Bjørn Tollefsen og kommunalsjef helse og omsorg Hilde Selland i sak 2
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) og pressa (Grannar)
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.11.20

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 23.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.21:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.21:

Protokoll frå møte i Etne kontrollutval 23.11.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF HELSE OG OMSORG

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for helse og omsorg om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.21:

Kommunalsjef helse og omsorg Hilde Selland orienterte og viste ein presentasjon. Ho forklarte korleis hennar ansvarsområde er organisert og viste eit organisasjonskart. Eininga har eit budsjett på 118 millionar, med 120 årsverk og 180 tilsette. Kommunalsjefen gjorde greie for, og presenterte nøkkeltal for kvar av sine ansvarsområde. Desse er tenestekontoret, kommuneoverlegen, eining for pleie og omsorg, eining for helse. Samarbeidsavtalar med andre kommunar og andre instansar var også hennar ansvar. Det gjeld mellom anna om miljøretta helsevern, legevakt, Krisesenter Vest IKS, osb.

Ho gjorde greie for HMS handlingsplan, befolkningsutvikling, utfordringsbilete for helse og omsorg og korleis eininga følgjer opp vedteke budsjett.

Kommunalsjefen svara på spørsmål om mellom anna bruk av heile stillingar, lærlingar og utfordringar med rekruttering av legar, sjukepleiarar og andre spesialistar.

Leiar takka for ei god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.21:

Etne kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunaldirektør for helse og omsorg om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

SAK 03/21 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONS- PROSJEKT – «TRYGT OG GODT SKULEMILJØ»

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Trygt og godt skulemiljø» i samsvar med vedlagte prosjektplan/og med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 250 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.21:

Forvaltningsrevisor Annbjørg Ryssdal orienterte om framlegget til prosjektplan. Ho gjorde greie for føremål, problemstillingar og metode. Medlemmene var samde om å tinga prosjektet slik det var lagt fram frå revisor.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.21:

Etne kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Trygt og godt skulemiljø» i samsvar med vedlagte prosjektplan.

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innanfor ei rame på 250 timar.

SAK 04/21 INVITASJON TIL DELTAKING I FORVALTNINGS-REVISJON AV HAUGALANDSPAKKEN

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar Rogaland fylkesting sin invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

Alternativt:

Etne kontrollutval sluttar seg til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken i samsvar med vedlagt mandat.

Mandatet for undersøkinga godkjennast slik den ligg føre, men med også følgjande tillegg:
..... (må konkretiserast)

Meirkostnader som vil følgje kontrollutvalet sine tilføyingar i prosjektmandatet, er utvalet innforstått blir dekkja av kontrollutvalet, med eit øvre tak på timar..

Rogaland fylkeskommune kontroll- og kvalitetsutval får mynde til å godkjenne tillegg/justeringar i mandatet som følgje av kommunen si deltaking i forvaltningsrevisjonen.

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.21:

Utvalssekretæren gjorde greie for saka. Kontroll- og kvalitetsutvalet i Rogaland fylkeskommune har invitert til deltaking i prosjektet. Deltakarkommunane er invitert til å kome med framlegg om eigne problemstillingar, der kommunane sjølv må bære kostnadane.

Ordføraren kommenterte saka. Ho meinte det ikkje var trong for Etne å kome med innspel til fleire problemstillingar.

Medlemmene stetta ordføraren sitt syn. Utvalet vil få rapporten framlagd når den vert klar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.21:

Etne kontrollutval tar Rogaland fylkesting sin invitasjon til ein forvaltningsrevisjonsundersøking med tema Haugalandspakken til orientering.

Utvalet finn prosjektmandatet interessant og ønskjer å bli halden orientert om arbeidet og dei konklusjonar som vil bli tatt når rapport ligg føre.

SAK 05/21 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2020

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2020 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2020 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.21:

Sekretæren gjorde kort greie for årsmeldinga. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innhaldet, slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.21:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2020.

Innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2020 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 06/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.02.21

1. Statusoversyn pr. februar 2021
2. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20
3. Kronikk i Kommunal rapport 15.12.20 – Kommunale kontrollutval –lokaldemokratiets vaktbikkje

Handsaming i kontrollutvalet 08.02.21:

Sekretæren gjorde greie for referatsakene, inkludert status for vårens konferansar. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 08.02.21:

Referatsakene 1 – 3 vert tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 10.05.21, kl. 13.00

Saker: årsrekneskap, orientering frå kommunalsjef for utvikling og drift og rapport om «Forum for oppvekst i Sunnhordland».

Etne/Aksdal, 08.02.21

Tollef Rullestad
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær